

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 26.10.2021

Handsaming i møte

Fylkesdirektør, Rune Haugsdal, orienterte om status for rutinar for anonym varsling ved vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Presentasjonen vert å senda til utvalet etter møtet, via sekretariatet.

Etter sams drøfting var det semje om å setta frist i punkt 3 til 24.01.2022.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, inkl. frist 24.01.2022 i pkt. 3.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen om rutinar for anonym varsling ved vidaregåande skular førebels til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesdirektøren komme med skriftleg informasjon om rutinar for anonym varsling når dei nye vurderingane er gjennomført.
3. Frist for levering av tilbakemelding til sekretariatet vert å sette til 24.01.2022.